



HOL KOMMUNE

**Reglement for tilskot til brøyting og
vedlikehald av gards- og grendevegar**

Rådmannens innstilling 11.11.2009

§ 1. Kommunen gjev tilskot til vedlikehald av gards- og grendeveger i Hol kommune etter ein fordelingsnøkkel som følgjar:

Lengde inntil 600 meter: Ikkje tilskot
Lengde 600 – 1000 meter: Dobbel sats
Lengde over 1000 meter: Enkel sats

Tilskotet blir gjeve for totallengde minus 600m. Minste utbetalte tilskot er kr 200.

Storleiken på satsane vil variere med samla budsjett til disposisjon og antall søknader. Samla stønadsbeløp bli vedteke i samband med budsjetthandsaminga.

- § 2. For at tilskot skal kunne gjevast må det vera fast busetnad langs vegen. Tilskotssatsen i § 1 er maksimalt tilskot og føresetnaden for dette er at vegen blir godt vedlikehalde heile året med grusing, opprensk av grøfter, stikkrenner, skraping, salting, snøbrøyting og strøing m. v så langt dette er nødvendig. Tilskotet blir å redusere dersom snøbrøytinga ikkje er tilfredsstillande. (Tilskotssatsen for brøyting utgjør 50 % av maksimalt tilskot.)
Vegen skal ikkje vera avlåst med bom.
- § 3. Administrasjonen får fullmakt til å avgjera søknader om tilskot til sommar- og vintervedlikehald på private gards- og grendevegar i samsvar med reglementet.
- § 4. Tilskot blir utbetalt ein gong årleg i juli mnd. (etterskotsvis). Før tilskot blir utbetalt må det liggja føre erklæring frå styret for vegen om at vedlikehaldet vil bli utført i samsvar med vilkåra i § 2.
Oppstår det endringar ved bruken av vegen og med vedlikehaldet pliktar styret for vegen v/formann å gjeva Hol kommune melding om dette.
I tillegg skal oppgåva for vegar som får tilskot leggjast fram for teknisk hovudutval ein gong kvart andre år for gjennomgang/orientering.
- § 5. Reglane gjeld frå og med vedtaksdato.
- § 6. Tilskotsordninga skal kunngjerast kvart år med søknadsfrist 01.05.